



Årsmelding 2018



Innhald

1. Styresamansetning/ eigarform/ organisering	3
2. Styret 2018	3
3. Året 2018	3
4. Faste aktivitetar og tilbod gjennom Vestnes Frivilligsentral 2018	4
4.1. Aktivitetsvenn for demente – dobbel glede!	4
4.2. Habil.....	4
4.3. Gåtur for alle.....	4
4.4. Full Rulle	5
4.5. Språkkafé.....	5
4.6. Kulturkafé har blitt til Tirsdagskaffe	5
4.7. Rettleiing av lag/ organisasjonar og Tilskuddsportalen	5
4.8. Datakurs.....	6
4.9. Hagen ved Frivilligsentralen	6
4.10. Utstyrssentral og utlån av Friluftslivsutstyr	6
4.11 Strikketreff.....	6
5. Andre aktivitetar og arrangement	7
5.1. Frivilligdagen 2018 – fole kjekt i Vestnes	7
5.2. StikkUT! i Vestnes kommune.....	7
5.3 Aktivitet i samarbeid med andre	7
5.4 Prosjekt: Velkomstpakke God integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes kommune	8
6. Bruk av Frivilligsentralen sine lokalar, nye møblar og hjartestartar	8
7. Samarbeid med andre frivilligsentralar, etablering av Frivillig Møre og Romsdal.....	9
8. Marknadsføring av Frivilligsentralen	9
9. Vestnes Frivilligsentral 2019.....	9
10. Frivillige og økonomi.....	10

1. Styresamansetning/ eigarform/ organisering

Eigar av Vestnes Frivilligsentral er Vestnes kommune, kommunen har personalansvar for dagleg leiar og økonomiansvar. Formannskapet og styret i Vestnes Frivilligsentral utgjer Årsmøtet. Styret i Frivilligsentralen består av 5 medlemmar og 3 varamedlemmar valt av årsmøtet, kommunestyret har ein representant med vara i styret. Vestnes Frivilligsentral er medlem av Norges Frivilligsentraler og av Frivillig Møre og Romsdal (samanslutning av frivilligsentralane i fylket). Frå og med 2014 har Frivilligsentralen lagt under driftseininga Kulturskulen, ilag med Vestnes folkebibliotek – Kultureininga. Dette har ført til mykje godt samarbeid, og nye prosjekt.

2. Styret 2018

Hanne Moldver Salthammer, leiar
Tordis Sivertsen, nestleiar
Helge Bjerkevoll, styremedlem
Karin Hovde, styremedlem
Aud Marie Bergdal, eigars representant
Joar Kirkeslett (1. vara)
Svanhild Lindseth (2.vara)
Falk Daniel Låmas Øveraas (vara, eigars representant)

3. Året 2018

Styret har arbeidd vidare med å nå måla satt i strategien for Frivilligsentralen (2017-2019). I 2018 har det vore fokus på å ivareta dei aktivitetane sentralen har, men justere og forbetre etter behov. Derfor har Kulturkafeen blitt til Tirsdagskaffe, og Språkkafeen har fått ei pause. Ny aktivitet er Strikketreff – for alle.

I året som gjekk har Frivilligsentralen og Kultureininga saman jobba med å utvikle velkomstpakke for nye innbyggjarar i kommunen vår. Dette arbeidet er forankra i kommunen sin strategi. Vi treng at folk kjenner dei er velkomen hit, og deltek i lokalsamfunna våre. Dette er ein del av anbefalingane i rapporten «Kulturliv og frivillighet som integreringsarena i Vestnes kommune». Rapporten gir råd om det vidare arbeidet med integrering, og forslag til mange tiltak som Frivilligsentralen kjem til å jobbe vidare med, ilag med ulike samarbeidspartnarar.

Vestnes Frivilligsentral har også arbeidd for å få etablert ein fylkesorganisasjon for frivilligsentralar, dette for fagleg fellesskap og vidareutvikling, men også for å bidra til å styrke og synleggjere frivilligheita inn i fylke sitt arbeid. Styret har i tillegg til årsmøtet hatt 2 styremøte i perioden. Karianne Bergset Austnes har vore tilsett som dagleg leiar i 100 % stilling i 2018.

Visjon for Vestnes frivilligsentral sitt arbeid:

Vestnes Frivilligsentral skal bidra til at innbyggjarane i Vestnes kommune kjenner trivsel og tilhøyring i lokalsamfunnet, og legg til rette for deltaking i lokalsamfunnet.

Langsiktige mål:

- Vestnes Frivilligsentral er ein møteplass og brubbyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar og det offentlege
- Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune

4. Faste aktivitetar og tilbod gjennom Vestnes Frivilligsentral 2018

4.1. Aktivitetsvenn for demente – dobbel glede!



I 2017 starta Vestnes kommune opp med Aktivitetsvenn for demente. Ein person med demens vert kopla med ein aktivitetsvenn som har dei same interessene – dobbel glede! Målet er at aktiviteten skal vere kjekk og givande for både den med demens og aktivitetsvennen. Tilbodet er til personar med demens slik at dei kan fortsette med det dei likar. Det bidreg til å bremse utviklinga av sjukdommen, og til ein meningsfull kvardag. Det kan vere å gå på tur ilag, trene, gå på fotballkamp, kafé eller museum og konsertar, fiske, gå på kino - vanlege fritidsaktivitetar. Det er Nasjonalforeningen for folkehelsen som eig konseptet og har utarbeidd materiale til kommunane.

I Vestnes er det ei arbeidsgruppe med representantar for helsesektoren i kommunen, Nasjonalforeningen og Frivilligsentralen som styrer Aktivitetsvenn, arrangerer kurs for frivillige, og gjer koplinga. Det vart skreive kontrakt med kommunen som forpliktar både kommune og Frivilligsentral. Pga. ulike forhold som har oppstått var det per desember 2018 fire aktive aktivitetsvenner. Koplingane som er fungerer derimot veldig godt, og vi har hatt tre erfaringssamlingar i 2018. Det var få påmeldte til oppsett kurs hausten 2018, men fleire har etter det meldt si interesse og det vert satt opp nytt kurs våren 2019. Gruppa ser også på moglegheita for å arrangere pårørandekurs i kombinasjon med aktivitetsvenn-kurs. Pengar frå TV-aksjonen 2013 går til å dekke mykje av utgiftene i aktiviteten.

4.2. Habil



Hausten 2017 tok Frivilligsentralen over ordninga Habil frå flyktningenesta. Habil er eit tilbod for alle som treng nokon å øvingskøyre med, men som av ulike orsakar ikkje har det i sitt nettverk. Det er Møre og Romsdal Røde Kors har som har utvikla dette tilbodet, og Frivilligsentralen samarbeider med dei om dette. Frivilligsentralen rekrutterer frivillige, og koplar dei med dei som er klare for øvingskøyre. Frivilligsentralen arrangerer samlingar, og gjennom Språkkafeen/eiga teorigruppe kan ein også øve på bilteori. Røde Kors har utvikla reglane

rundt ordninga, og har ansvar for bilen som vert brukt. Bilen deler Vestnes med Fræna kommune, og har den annakvar månad. Pågangen er relativt stor, mange vil ta sertifikat, og det er slik alltid behov for fleire frivillig. Ved utgangen av 2018 har 14 personar tatt sertifikat gjennom Habil.

4.3. Gåtur for alle

Gåtur for alle vert arrangert i månadane april-september. Målet er å bidra til betre folkehelse, fysisk og sosialt. Det er turar kvar torsdag, kl. 17.00, til ulike turmål i kommunen. I 2018 vart det arrangert 18 turar med eit snitt på 5-15 deltakarar kvar gong. Frå 2019 vil aktiviteten bli omgjort til å ha faste turar i Kråkvika Friluftsområde, etter ønske frå deltakarane, og med håp om at fleire vil bli med på tur.

4.4. Full Rulle



Full Rulle er ein møteplass for foreldre som er heime med små born. Ope kvar onsdag kl. 11.00-14.00. Sentralen legg til rette med leiketepper, leiker, barnestolar, stellerom, ammekrok og kaffi/te, samt tilgang til kjøkken. Tilbodet vert jamt nytta med besøk på mellom 5-15 foreldre kvar gong, og mange får eit godt nettverk og ein kjekk møteplass gjennom Full Rulle. Ekstra kjekt er det at no kjem også fedrar når dei er i permisjon.

4.5. Språkcafé

Språkcaféen vart starta opp i mai 2014. Språkcaféen skal vere ein møteplass for integrering og for alle som ynskjer å praktisere norsk. Til sommaren 2018 vart det tatt ei avgjersle på å ta ei pause i aktiviteten, frå og med hausten 2018. Dette fordi vi opplevde dalande deltaking. På mange måtar er dette svært positivt då mange busette no deltek meir i frivilligheita i kommunen. Frivilligsentralen har ikkje kunnskap om korleis dette er for arbeidsinnvandrarar. Samtidig med dette trengs det fleire møteplassar for å bli kjent, og for integrering. Fleire av deltakarane på tidlegare Språkcafé deltek på det nyetablerte tilbodet med Strikketreff. I 2019 vil ein satse vidare på bilteorigruppe for dei som køyrer gjennom Habil. Ein vil også sjå på moglegheita for å skape nye arena for integrering, og vurdere oppstart av Språkcaféen igjen hausten 2019.

4.6. Kulturcafé har blitt til Tirsdagskaffe



Kulturcafé har det vore arrangert på Frivilligsentralen i mange år. I 2017/2018 såg ein nedgang i deltaking. Etter inspirasjon frå andre frivilligsentralar gjorde ein hausten 2018 endringar. Målet er å skape ein uformell møteplass, ein stad ein kan kome innom for ein prat og ein kopp kaffi med noko til. Vi kutta underhaldninga og flytta tidspunktet frå ettermiddag til formiddag – i tillegg vart fleire organisasjonar involvert. Tirsdagskaffe er no eit samarbeid mellom

Vestnes Røde Kors, Vestnes pensjonistlag, Gamleskulens vener og Frivilligsentralen. Frivilligsentralen koordinerer. Responsen har vore veldig god med ei deltaking på ca. 20 personar kvar tysdag, der det også er ein større variasjon i kven som kjem.

4.7. Rettleiing av lag/ organisasjonar og Tilskuddsportalen

Frivilligsentralen tilbyr rettleiing for lag og organisasjonar som ynskjer dette. Rettleiinga går på styrearbeid, økonomi, søknadar og prosjektstyring. I 2018 vart det arbeidd med prosjektet Velkomstpakke, sjå også punkt 5.4. Korleis kan lag og organisasjonar verte meir inkluderande og synleg ovanfor nye innbyggjarar? I november vart det arrangert eit møte med god deltaking frå frivilligheita. Her kom det mange viktige innspel som no vert tatt vidare.

Frivilligsentralen forsøker å følgje opp lag og organisasjonar med informasjon om støtteordningar gjennom Tilskuddsportalen og andre kanalar. Tilskuddsportalen er ei søketeneste for å finne tilskot til aktivitet. Kommunen har kjøpt abonnement for lag og organisasjonar i kommunen.

4.8. Datakurs

I 2018 vart det dessverre ikkje arrangert datakurs for eldre pga. for lite kapasitet. Det er eit stort behov for dataopplæring, og både frivilligsentralen og biblioteket vonar vi får til nye kurs i 2019, og at fleire frivillige organisasjonar vert med på laget.

4.9. Hagen ved Frivilligsentralen



I 2018 har frivillige fortsett med dugnadar og utvikling av hagen. Det vert lagt ned mange timar med dugnad! Hagen vert stadig meir nytta av innbyggjarane, barnehagane er ofte på besøk, og fleire nyttar hagen til å gå tur med rullestolbrukarar/rulator. I hagen kan ein nytte alle sansane: mykje å sjå, smake og lukte på. Det er Gamleskulens vener står for å arrangere dugnader og koordinere frivillige, noko i samarbeid med Vestnes Hagelag. Vestnes Hagelag arrangerte hagefest i juni i samband med sitt jubileum.

Gamleskulens vener har drifta hagen gjennom frivillig innsats og økonomisk støtte frå private. 2019 vert siste året med denne støtta. Det vert i 2019 viktig med god dialog med kommunen om vidare drift. Hagen ved Frivilligsentralen vart opna i 2015.

4.10. Utstyrssentral og utlån av Friluftslivsutstyr

I samarbeid med NAV Vestnes fekk ein tildelt midlar til etablering av Utstyrssentral i mai 2015. I 2015 vart lokale på Frivilligsentralen rydda og pussa opp. Utstyr vart kjøpt inn etter anbudsrunde. Så langt kan ein tilby alpinutstyr, langrennutstyr, skøyter og hockeyutstyr, fiskestenger, redningsvester, bæremeiser, telt og liggeunderlag. Tilbodet skal stimulere til auka deltaking i friluftsliv og fritidsaktivitetar for alle. Tilbodet er for alle, og alt utlån er gratis. Det er mykje utlån av vinterutstyr, når det er skidag på skulane er alt utstyr utlånt. Frivilligsentralen administrera utlånet. Arbeidet er tidkrevjande. Vinteren 2018/2019 har det vore mange utlån og ofte har ikkje Utstyrssentralen nok utstyr, i 2019 må ein forsøke å få midlar til meir utstyr.

I 2014 fekk Frivilligsentralen ei utstyrskasse frå Sunnmøre Friluftsråd. Skular, barnehagar og lag og organisasjonar kan låne gratis frå utstyrskassa. Frivilligsentralen administrerer utlånet. Utstyrspakka skal stimulere til eit aktivt friluftsliv, og består av lavvo, taubruer, bålpanne, sag, øks, diverse grillutstyr samt popcornpanne til bål. Utstyret vert jamt utlånt, men kapasiteten er større.

4.11 Strikketreff

På initiativ frå innbyggjarar vart det hausten 2018 etablert Strikketreff. Målet var å skape ein møteplass for unge vaksne som er glad i strikking, men det var også eit ønske om å skape eit treffpunkt for unge vaksne i kommunen. Alle er velkomen, både med og utan strikketøy. Strikketreff vert arrangert annakvar tysdag. Vestnes Røde Kors er medarrangør ilag med initiativtakarane. Tiltaket er svært positivt og deltakinga er god, men varierer frå 10-20 personar.

5. Andre aktivitetar og arrangement

5.1. Frivilligdagen 2018 – fole kjekt i Vestnes



15. september bidrog 20 lag og organisasjonar til at det vart nok ein fole kjekk dag i Vestnes. På grunn av mykje aktivitet i kommunen denne hausten var deltakinga noko lågare enn tidlegare år. Veret var heller ikkje på arrangørane si side, men mykje folk besøkte Frivilligdagen og deltakarane vart godt fornøgde. Målet med Frivilligdagen er å syne breidda av frivillig aktivitet i kommunen, at lag og organisasjonar får vist seg fram. Det er også ein møteplass for lag og organisasjonar, og for innbyggjarane generelt i Vestnes og håpet er at dette skal bidra til auka trivsel. Frivilligdagen er eit årleg arrangement i regi av Frivilligsentralen og i samarbeid med

Sentrumsforeninga, kommunen og Kulturskulen, i tillegg til lag og organisasjonar. Aktivitetar var informasjonsstands, sal av mat og drikke, konkurransar, loddsal, og underhaldning i form av korpsmusikk, karateframsyning og meir. Arrangementet fekk pressedekning i Vestnesavisa og Bygdebladet.

5.2. StikkUT! i Vestnes kommune



Sunnmøre Friluftsråd starta arbeidet med turregisteringa Stikk UT! i 2015, og Vestnes ville vere med på dette. Frivilligsentralen koordinerer arbeidet mellom lag og organisasjonar/ frivillige og Sunnmøre Friluftsråd. Organisasjonar og enkeltpersonar legg ned ein stor innsats i å lage gode turskilddringar og i arbeidet med merking av turløyper. Stikk UT! tala er gode! I Vestnes kommune er det 390 aktive brukarar som har gått 8857 turar, 13.521 turar er registrert gått i Vestnes kommune. Målet er at innbyggjarar i Vestnes og Møre og Romsdal, i større grad skal nytte naturen i Vestnes, og gjennom det er Stikk UT! eit solid bidrag til styrking av folkehelsa.

Dagleg leiar deltok på evalueringsmøte for Stikk UT! for fylket i september. Gruppa for frivillig i Vestnes hadde sitt møte seinare i september, og vurderte sesongen 2018 for god. Gruppa har 15 turmål

klare for 2019, derav 5 nye turar. Nytt i 2018 var at det også vart etablert Stikk UT!-ski i Vestnes kommune med tre turmål. Der er det dei lokale idrettslaga som har direkte samarbeid med Skiforbundet og Friluftsrådet.

5.3 Aktivitet i samarbeid med andre

Frivilligsentralar skal vere eit bindeledd mellom kommune og det frivillige, og vere ein støttespelar for frivillige lag og organisasjonar. Samarbeid og koordinering er derfor to viktige stikkord for arbeidet, som ein kan lese under dei ulike aktivitetane i årsmeldinga. I 2018 har det vore samarbeidd med mange ulike aktørar, både lag og organisasjonar, i kommunen og næringslivet. Vi vil trekke fram Tirsdagskaffe, Frivilligdagen, Aktivitetsvenn for demente, og arbeidet med Velkomstpakke (sjå 5.4).

Frivillige og Frivilligsentralen var også i 2018 med og koordinerte **TV-aksjonen**.

Frivilligsentralen, dagleg leiar, har også deltatt i **prosjektgruppa for nytt bibliotek**. Frivilligsentralen vil få kontor plass i det nye bygget. Å bli lettare tilgjengeleg for innbyggjarane og meir synleg ser ein som svært positivt. Ein del aktivitet vil fortsette i Gamleskulen, men nytt bygg gir moglegheit for nytenking og andre former for aktivitet. Dagleg leiar har også vore involvert i **nye kommunale**

nettsider, og sidene for kultur, fritid og friluftsliv. Det vert særleg arbeidd med at frivillige lag og organisasjonar skal registra seg her for slik å bli meir synleg for innbyggjarane..

5.4 Prosjekt: Velkomstpakke God integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes kommune

I 2018 har Kultureininga, Frivilligsentralen, Kulturskulen og biblioteket, arbeidd ein del med prosjektet Velkomstpakke. Frivilligsentralen søkte tilbake i 2015 om støtte til eit slikt prosjekt, men nådde då ikkje opp. I 2014 fekk Kultureininga støtte gjennom fylkeskommunen si ordning Lokal samfunnsutviklings midlar (LUK). Vi fekk støtte til prosjektet: God integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes kommune. Det vart utarbeidd ein kunnskapsrapport som gir Vestnes kommune ein god og heilskapleg kunnskap om ulike innvandrargrupper i Vestnes, problemstillingar og moglegheiter for deltaking. Rapporten vart overlevert Vestnes kommune 1.juli, den peikar på gode samarbeidsformer mellom Vestnes Folkebibliotek, Vestnes Kulturskule og Vestnes Frivilligsentral for å kunne jobbe heilskapleg med integrering seg i mellom og med lag og organisasjonar, næringsliv, flyktingtenesta og andre relevante instansar i kommunen. Rapporten gir konkrete tiltak for å sikre betra integrering gjennom frivilligheit og kulturliv. Det er forskingsmiljøet KUN som har utarbeidd rapporten.

I november vart rapporten lansert for frivilligheita i kommunen, og for kommunetilsette og næringsliv. Rapporten kan i sin heilskap lesast på Vestnes kommune sine heimesider. Kommunestyret har vedtatt at rapporten skal ligge til grunn for kommunen sitt vidare arbeid med integrering. Vidare arbeid og implementering av tiltak fortsette i 2018.

I 2018 kom det initiativ frå ei gruppe om å lage ei velkomstpakke til nye innbyggjarar. Kultureininga utarbeidd eit forslag som vart vedtatt på kommunestyremøte i desember 2018, forslaget heng godt saman med funn i rapporten og foreslåtte tiltak der. Fram mot kommunestyrevedtaket var det fleire møter mellom initiativtakarane, kultureininga, frivilligheita, Næringsforum og Sentrumsforeininga. Alle er positive og ynskjer å få dette på plass. I 2018 kom kommunen sine nye heimesider. Desse skal ha ei oversikt over lag og organisasjonar, den har ei side med kontaktskjema om ein ynskjer å delta i frivilligheita i kommunen, Frivilligsentralen koplar og vidareformidlar kontakt. I desember vart det også laga eit velkomstbrev som alle nye innbyggjarar vil få tilsendt når dei vert folkeregistrert i kommunen (frå 01.01.19), brevet er signert ordføraren og inneheld informasjon om kvar ein kan få meir informasjon om ulike tenester og tilbod. Neste steg, vinteren 2019, er å utvikle ein nettstad som på ein god måte syner korleis ein kan delta i kommunen vår, og som gjer det lett å finne fram. I tillegg vil ein utvikle ei fysisk velkomstpakke som kan hentast på biblioteket.

6. Bruk av Frivilligsentralen sine lokalar, nye møblar og hjartestartar



I løpet av 2018 har lag og organisasjonar, kommunale einingar, næringsliv og private lånt/leigd lokala til Vestnes Frivilligsentral flittig. Lag og organisasjonar får leige gratis til styremøter. I 2018 var lokala leig ut 138 gonger, det er eit snitt på 3,1 gonger per veke (ikkje juni/juli). Dette kjem i tillegg til aktivitet i regi av Frivilligsentralen. I februar fekk storstova etterlengta nye møblar - og er klar for mykje aktivitet også i tida framover, brystpanelet fekk også eit strøk ny måling. I 2018 vart Frivilligsentralen sine lokale tatt i bruk til vigsel, tre par sa ja til kvarandre i lokala i 2018.

LHL Vestnes gav Vestnes Frivilligsentral hjartestartar i gåve, denne er plassert på handikap-toalettet på sentralen. Dagleg leiar deltok på kurs i bruk av denne i regi av Tresfjord Røde Kors. Vestnes Frivilligsentral takkar for gåva!

7. Samarbeid med andre frivilligsentralar, etablering av Frivillig Møre og Romsdal

Vestnes Frivilligsentral har jamleg kontakt med dei andre sentralane i Romsdal og på Nordmøre, særleg gjennom nettverkssamlingar. Nettverket består av sentralane i Fræna, Kristiansund, Molde, Halså, Midsund, Nesset, Aukra, Sunndal og Rauma. Norges Frivilligsentralar vart etablert i 2016, organisasjonen skal arbeide interessepolitisk for å sikre gode vilkår for sentralane. Vestnes Frivilligsentral deltok på Landsmøte i april 2018.

Då staten gjorde om på ordninga knytt til Frivilligsentralane vart det slutt på regionskonferansar. Fleire fylker har derfor etablert eit fylkesnivå for sentralane. Juni 2018 vart det heldt stiftingsmøte for den nye organisasjonen, Frivillig Møre og Romsdal, på Vestnes. Dagleg leiar ved Vestnes Frivilligsentral vart valt som styreleiar. I mars 2019 vil det bli arrangert fagsamling og årsmøte for den nye organisasjonen. Målet er å sikre erfaringsutveksling og fagleg påfyll, samt å bli ein enda betre og relevant samarbeidspart for fylkeskommunen. Andre viktige arena Vestnes Frivilligsentral har vore representert på er fylkeskommunen sitt Frivillig Forum, og KS sin frivilligheitskonferanse.

8. Marknadsføring av Frivilligsentralen



Vi marknadsfører Frivilligsentralen og aktuelle saker på kommunen sine heimesider, Facebook-sida til Frivilligsentralen, på «Det skjer i Vestnes»-facebook-sida, i lokalavisene og på eigne heimesider. Facebooksida har i nær 750 følgjarar. Vestnes Frivilligsentral har hatt mediedekning på mange av sine aktivitetar i 2018. Saman med frivillige er dagleg leiar inne og oppdaterer «Det skjer i Vestnes»- Facebooksida også, den har 1141 følgjarar.

Frivilligsentralen si eiga nettside har god oversikt over tilboda ved sentralen: www.vestnes.frivilligsentral.no. Statistikken for sida syner at stadig nye brukarar er innom heimesida. I samband med Frivilligdagen hadde sentralen stand i sentrum med eigne brosjyrar. Aktivitet ved Frivilligsentralen vert også annonsert i Kulturkalenderen til Vestnes kommune, i kulturkalenderen i Vestnesavisa og noko i Bygdebladet.

9. Vestnes Frivilligsentral 2019

Vestnes Frivilligsentral bidreg positivt i lokalsamfunnet i Vestnes, og arbeider for at sentralen skal vere aktuell for ei breidde av innbyggjarane i kommunen. Det er alltid rom for vidareutvikling og forbetring. I 2019 ynskjer Frivilligsentralen å jobbe vidare for å nå måla i strategien for 2017-2019, og særleg fortsette med å få auka kontakt med den organiserte frivilligheita i kommunen. Det vil bli starta arbeidet med å lage ein strategi for 2020-2023.

For komande strategiperiode vert det viktig å bli endå tydlegare på kva Vestnes Frivilligsentral skal vere. Det har skjedd store endringar sidan sentralen vart oppretta. Samfunnet utviklar seg, og ein ser at det på nokre områder kan bli meir krevjande for frivilligheita framover. Både Regjering og Storting legg opp til at frivilligheita i større grad må bidra inn i å løyse ulike samfunnsutfordringar og problemstillingar. I ulike stortingsmeldingar og reformer vert det lagt inn ei forventning om at ein klarer å få frivilligheita meir på bana. Samtidig ser ein at frivilligheit må skje på frivilligheita sine premisser, og at for at frivilligheita skal blomstre treng ein både ein sterk velferdsstat som gjer at folk har kapasitet til å vere frivillige og inkluderer frivilligheita på dei premissa den sett. Koordinering og ressursar til det

er ofte avgjerande faktorar. I dette bilete må ein også passe på at frivilligheita og den aktiviteten dei driv er eit mål i seg sjølv, særleg i eit folkehelseperspektiv. Frivilligsentralen må sjå på korleis ein kan styrke rolla som eit bindeledd mellom der frivillig og det offentlege.

2019 vil handle mykje om å ivareta alle dei aktivitetane og samarbeidsprosjekta som Frivilligsentralen har. I tillegg vil det verte jobba med å kome i mål med Velkomstpakken for nye innbyggjarar, både nettstad og fysisk pakke, samt gje organisasjonane verkty for å inkludere nye medlemmar. Kultureininga følgjer også opp vidare forslaga i rapporten *Kulturliv og frivillighet som integreringsarena i Vestnes kommune*. Det er tidkrevjande, og er avhengig av godt samarbeid med mange partar, samt økonomisk støtte.



10. Frivillige og økonomi

Aktiviteten ved Vestnes Frivilligsentral er avhengig av frivillig innsats. Som årsmeldinga syner har mange frivillige deltatt i ulike aktivitetar. Aktivitetar som bidreg til auka trivsel og som dekker eit behov. Gjennom Aktivitetsvenn for demente og Habil har fleire frivillige knytt seg til aktivitet gjennom Frivilligsentralen. Tirsdagskaffen, tidlegare Kulturkafé er det no i hovudsak frivillige frå andre organisasjonar som styrer.

I 2018 fekk Vestnes kommune 416.000 kr frå staten for å ha Frivilligsentral. Frå og med 2017 kjem pengane til Frivilligsentralane gjennom staten si rammeoverføring til kommunen. I 2018 hadde frivilligsentralen 53.000 kr i inntekt på utleige av huset. Nettobudsjettet for 2018 var på 824.000 kr, og utgiftene var på 816.000 kr.